



Statens vegvesen

Lars Bjørn Lygre
Lurevegen 1498
5912 SEIM

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
16/106793-17

Dykkar referanse:

Vår dato:
14.06.2017

Svar – Utsatt klagefrist – Avkøyrsløse – Gnr. 58 bnr. 7 – Lindås kommune

Vi syner til brev mottatt 28.05.2017.

Du ber å få avklart kvifor Statens vegvesen endra sine egne retningslinjer og praksis undervegs i prosessen med din søknad om dispensasjon.

Statens vegvesen har som praksis å avvente behandling av søknad etter veglova dersom tiltaket treng dispensasjon etter plan og bygningslova og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Vi rett til å uttale oss i slike saker. Vi har og klagerett i slike saker.

Vi har samstundes praksis for at kommunane kan be oss om å behandle saka etter veglova, dersom dei meiner dette er føremålsteneleg. Denne praksisen er etablert mellom anna på bakgrunn av føringar frå Miljøverndepartementet, jf. Planjuss 1 – 2007 s 5–6 som omhandlar forholdet mellom plan- og bygningslov og veglova § 40, og saker som skal behandlast etter begge lovverk. Det skal vere ei samordning mellom kommune og Statens vegvesen. Føringane frå Miljøverndepartementet syner også til at det er mange forhold som spiller inn i forhold til prosess og det er ikkje ein endeleg fasit på kva som er mest føremålsteneleg å behandle først eller sist. I denne saka bad Lindås kommune om at vi behandla saka etter veglova. Det betyr at denne saka vert handsama etter to lovverk parallelt. Vi meiner at saksprosessen i din sak har følgd vanleg forvaltningspraksis.

Du ber vidare om å få referert innhaldet i telefonsamtalar mellom Statens vegvesen og Lindås kommune. Det går fram av e-postkorrespondansen at var det kontakt mellom kommunen og Statens vegvesen for å avklare saksgang. Vi viser til Planjuss 1–2007 s. 5–6 som seier at kommunen og Statens vegvesen skal samordne sin saksbehandling, slik at den vert mest føremålsteneleg. Vi kan ikkje sjå at vi har plikt til å føre referat av slike avklaringar av saksgangen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Du fekk avslag etter veglova i vedtak av 16.03.2017, med klagefrist på tre veker. Du har søkt utsett klagefrist i brev av 05.04.2017 og 28.05.2017. Vi meiner at du no har hatt tilstrekkeleg tid til førebu ein klage. Vi vil likevel gje ein utsatt frist til 19.06.2017. Det kan ikkje påreknast ytterlegare utsetjing etter dette.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ